

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JULI 2002.

ÅRGANG 38

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: John Stennes

Vispres.: Elisabeth Sundgot

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Johs. J. Hareide

Styremedlem: Ingar Bigset

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Hans Gisle Holstad

Ansv. Red.: Gunn Berit Gjerde

Fødselsdager i juli:

Magnar Hatløy 30.07

Otto Holstad 13.07

Peder Måseide 02.07

100% frammøte i juni:

Johs. J. Hareide

*Månedens Epos.*

Ros er som fjær  
Et rosende ord i ny og ne  
Kan gi et menneske vinger

Phil Bosmans

## **Rotarymøte 1. juli 2002**

Arbeidsmøte der dei ulike komiteane arbeidde med syftemåla for siste halvår av 2002.

## **Rotarymøte 8. juli 2002**

Svein Egil Kleppe inviterte til tur langs Hareidselva for å sjå på forholda for å lage ein sti langs elva frå sjøen til Grimstadvatnet.

Vi starta ved Hareidsbrua og gjekk framover langs heile elva. Det er attgrodd mange stader og der må ryddast før sti vert laga. Dei største hindera er likevel dei djupe grøftene som er laga i samband med drenering av myrane. Alle som var med på turen var samde om at det kan bli ein flott og opplevingsrik tur å gå langs Hareidselva dersom der blir laga til og gjort meir tilgjengeleg med ein grussti. Rotary vil arbeide med dette.

## **Rotarymøte 15. juli 2002**

Sommarmøte med prat og kaffi. Idar Kaldhol var på besøk.

## **Rotarymøte 22. juli 2002**

Nokre av medlemane hadde vendt heim att frå ferie på spennande turar i innland og utland og med opplevelingar å dele med dei hine.

Otto Holstad og Hallkjell Dahle fortalte om kvar sine heilt ulike turar.

Hallkjell hadde hatt ein kombinert jobb og ferietur til Vietnam, Australia og Thailand. I Vietnam var han med på skipsdåp og i Melbourne var han innom eit forretningskontor han har kontakt med. Turen vart avslutta med ei ferieveke i Bangkok.

Otto fortalte om ein flott fjelltur han hadde hatt i sommar i lag med 6 borneborn, fire jenter og to gutter i alderen 9 til 16 år.

Dei gjekk opp på Skjåk i Billingen, gjekk via Torsbu og Veldalen og kom ned på Reindalsætra der dei overnatta siste natta. Otto fortalte at han får mykje att for å bruke tid og krefter på den oppveksande slekta.